



# Årsrapport

God Helse partnerskapet **2017**



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



# Årsrapport

God Helse partnerskapet 2017

## Innhold

|                                                |       |
|------------------------------------------------|-------|
| Møre og Romsdal fylkeskommune                  | s. 4  |
| Møre og Romsdal idrettskrets                   | s. 6  |
| Nordmøre og Romsdal friluftsråd (ikkje levert) |       |
| Sunnmøre friluftsråd                           | s. 8  |
| Aukra kommune                                  | s. 10 |
| Aure kommune                                   | s. 11 |
| Averøy kommune (ikkje levert)                  |       |
| Eide kommune                                   | s. 14 |
| Fræna kommune                                  | s. 16 |
| Giske kommune                                  | s. 18 |
| Gjemnes kommune                                | s. 20 |
| Halsa kommune                                  | s. 22 |
| Haram kommune                                  | s. 24 |
| Hareid kommune                                 | s. 26 |
| Herøy kommune                                  | s. 28 |
| Kristiansund kommune                           | s. 30 |
| Midsund kommune                                | s. 32 |
| Molde kommune                                  | s. 34 |
| Neset kommune                                  | s. 36 |
| Norddal kommune                                | s. 38 |
| Rauma kommune                                  | s. 40 |
| Rindal kommune                                 | s. 42 |
| Sande kommune (ikkje levert)                   |       |
| Sandøy kommune                                 | s. 44 |
| Skodje kommune                                 | s. 46 |
| Smøla kommune                                  | s. 48 |
| Stordal kommune                                | s. 50 |
| Stranda kommune (ikkje levert)                 |       |
| Sula kommune                                   | s. 52 |
| Sunndal kommune                                | s. 54 |
| Sykkylven kommune                              | s. 56 |
| Tingvoll kommune                               | s. 58 |
| Ulstein kommune                                | s. 60 |
| Vanylven kommune                               | s. 62 |
| Vestnes kommune                                | s. 64 |
| Volda kommune                                  | s. 66 |
| Ørskog kommune                                 | s. 68 |
| Ørsta kommune                                  | s. 70 |
| Ålesund kommune                                | s. 72 |

## Innleiing

Årsrapporten for God Helse partnerskapet presenterer eksempel frå mangfaldet av folkehelsearbeid i Møre og Romsdal i 2017. Mykje godt arbeid blir utført i kommunane på tvers av sektorar og fagområde, og i regi av friluftsråda og idrettskretsen.

Partnerskapsforum vart arrangert i Kristiansund kommune og hadde «Program for folkehelsearbeid i kommunane» og barn og unge som hovudtema. Her var det orientert om programmet frå Helsedirektoratet, og det var innlegg om konseptet EAT MOVE SLEEP og skolen som samfunnsbyggjar gjennom MOT. Vi fikk også høre om Kristiansund kommune sin Utviklingssentral for Frisklivssentralar.

Møreforskning har på oppdrag frå Møre og Romsdal fylkeskommune gjort ei undersøking på bruken av seks ulike anlegg for fysisk aktivitet i Molde kommune hausten 2017. Undersøkinga har sett nærare på tre grupper som ofte har lågare aktivitetsnivå enn andre; personar med fødestad utanfor Noreg, personar med nedsett funksjonsevne og personar som opplever dårleg økonomi i familien.

Rapporten viser at gode nærmiljøanlegg ved skulane er viktige for barn og ungdom. Desse anlegga er viktige både i og utanfor skuletida, og fleire reiste gjerne til anlegga utanfor skuletida utan føresette, men i lag med jamgamle. For den vaksne befolkninga var Øverlandsvatnet, eit friluftsanlegg med tursti rundt vatnet, det anlegget som vart mest brukt av dei over 50 år. Andelen brukarar av dette anlegget hadde høgare sosioøkonomisk status, men det var også flest av dei som opplevde dårleg økonomi i denne undersøkinga som brukte anlegget.

I undersøkinga hadde dei fleste brukarane som var født utanfor Noreg, bakgrunn frå vestlege land. Flest av desse opplevde også god økonomi. Den sårbare gruppa med innvandringsbakgrunn trefte ein ikkje heilt i undersøkinga. For personar med nedsett funksjonsevne er det frå tidlegare lite kunnskap om aktivitetsvanene, men tilbakemeldingane frå undersøkinga viste at Øverlandsvatnet vart opplevd som godt tilrettelagt for alle.

---

Mattilbodet i grunnskolane i Møre og Romsdal er kartlagt gjennom ei undersøking som vart sendt til 200 private og offentlege barne-, ungdoms- og kombinertsolar i fylket. 94 skolar svarte på undersøkinga, fordelt på 31 kommunar. Kartlegginga er gjennomført i eit samarbeid mellom Fylkesmannen, idrettskretsen og fylkeskommunen.

Funn i undersøkinga kan vere aktuell å følgje opp gjennom å gjere betre kjent Helsedirektoratet sine faglege retningslinjer for mat og måltider i skolen, påverke politikarar til å innføre ordningar med gratis frukt og grønt i skolen, påverke fleire skolar til å servere gratis frukost, eventuelt eit varmt måltid, samt sjå moglegheiter knytt til satsinga på ein times fysisk aktivitet i skolen.

Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt initiativ til prosjektet «Jenteløftet i fotballen i Møre og Romsdal 2018 – 2020». Jenteløftet har som mål å få fleire jenter til å spele fotball lengre. Der ein av fem gutar i fotballen forsett å spele etter fylte 16 år, er den same delen for jenter ein av ti.

Prosjektet skal også medverke til å skape varig endring i haldningar til jentefotball og det skal bli meir kunnskap om jentefotball. Det er også eit mål å få fleire jenter til å ta trenarkurs og fleire jenter engasjert på leiarnivå.

Det vil i 2018 bli utarbeidd ein søknad om å bli programfylke i «Program for folkehelsearbeid i kommunane», og fylkeskommunen vil bruke partnerskapsforum som ein innspelsarena for dette. Det tas sikte på å leggje fram ei sak for fylkestinget hausten 2018.

Kultur og folkehelseutvalet har gjort vedtak om at God Helse-partnerskapet og gjeldande partnaravtale skal evaluerast i 2018 (KF-46/16). Evalueringa og tilråding om vegen vidare skal leggjast fram for kultur- og folkehelseutvalet våren 2019.

Lykke til med arbeidet!

*Heidi-Iren Wedlog Olsen*  
Fylkeskultursjef





# Møre og Romsdal fylkeskommune



Samling for folkehelsekoordinatorene 2017 i Kristiansund

## 1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Mattilbodet i grunnskolane i Møre og Romsdal er kartlagt gjennom ei undersøking som vart sendt til 200 private og offentlege barne-, ungdoms- og kombinertskolar i fylket. 94 skolar svarte på undersøkinga, fordelt på 31 kommunar. Kartlegginga er gjennomført i eit samarbeid mellom Fylkesmannen, idrettskretsen og fylkeskommunen (Mat og måltider i grunnskoler i Møre og Romsdal-kartlegging, våren 2017).

Ei rekkje tiltak er sett i verk for å få elevar til å fullføre vidaregåande skole. Tiltaket «I-UNG» er vidareført som eit tilbod i heile Møre og Romsdal, medan «Vekslingsmodellen» – tidlegare ut i praksis, har blitt vidareført ved Kristiansund vidaregåande skole.

Det rusførebyggjande arbeidet i vidaregåande skole er vidareført, og alle skolar har fokus på mobbing og deltek i aktuelle mobbeprogram.

## 2 Helsevennlig arbeidsliv

I 2017 starta 52 prosent av elevane på Vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram, noko som er ein liten nedgang frå 2016. For at desse elevane skal kunne fullføre utdanninga er vi avhengig av eit godt samarbeid med næringsliv og offentlig sektor for å skaffe den enkelte læreplass. Aksjon "Bli lærebedrift" første også i 2017 til at mange nye lærebedrifter vart godkjente og fleire tok inn lærlingar. Det var også starta eit toårig prosjekt med fire formidlingskoordinatorar som saman med skole og næringsliv skal arbeide for fleire læreplassar i fylket.

Karriererettleiingstenesta for vaksne, Karriere i Møre og Romsdal, gjennomførte meir enn 400 individuelle rettleiingar i 2017. Det vart halde kurs for bedrifter i nedbemanning og omstilling, og søkarkurs for elevar på Vg2 som skal søke læreplass. Det er stadig flere med minoritetsbakgrunn som brukar desse tenestene.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Treningsgrupper for «Sterk og Stødig» er etablert i fleire kommunar i fylket. Dette er eit lågterskel treningstilbod for heimebuande eldre. Modellen er utvikla i eit samarbeid mellom Kompetansesenteret for bevegelsesvansker og fall hos eldre/St. Olavs Hospital, NTNU, EU-nettverket ProFouND, Helsedirektoratet og utvalte kommunar i Norge.

Våren 2017 vart det gjennomført ei kartlegging av rammevilkåra for dei kommunale eldreråda. Spørjeskjema vart sendt til alle eldreråda, ved rådsleiar og sekretariatsleiar. Alle 36 kommunane ga tilbakemelding på skjemaet. Rapporten frå kartleggingane er sendt ut til kommunane. I tillegg er dei lagt ut på heimesidene til fylkeskommunen. Fylkesrådet for eldre vil sette resultatet frå kartlegginga på dagsorden på konferansar i 2018.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Tettstadskonferansen 2017, som var arrangert på Åndalsnes 7.–8. juni bidrog til kompetansefyll, erfaringsutveksling og nettverk for kommunar som jobbar aktivt med by- og tettstadsutvikling. Fleire av innlegga på konferansen hadde eit tydeleg folkehelseperspektiv.

Fylkeskommunen har gitt tilskot til vidareføring og utvikling av prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Det er oppretta eigne prosjektstillingar i Nordmøre og Romsdal friluftsråd og Sunnmøre friluftsråd for å bidra til å nå det nasjonale målet om at alle kommunar har kartlagt og verdsatt sine friluftslivsområde innan 2018.

Det er gjennomført eigen kampanje knytt til bruk av refleks og det å være synleg på busshaldeplassen. Barnehageprosjektet "Sikring av barn i bil" er godt i gang, og barneteateret "Ville vegar og vrang skilt" har hatt framsyning på 20 barneskolar i fylket.



## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Det er i 2017 starta opp eit arbeid med å omsetje turskildringane i morotur til engelsk. I først omgang er det Stikk UT!-turane som vert omsett, men vi ser for oss at alle turane etter kvart blir lagt ut med engelsk tekst.

Fylkeskulturkonferansen vart gjennomført 28.9, på Terminalen i Ålesund. Temaet var «inkludering og mangfald». Samarbeidspartnar var Møre og Romsdal idrettskrets. Om lag 200 personar møtte, og på scena stod mellom anna Marco Elsafadi, Sahra Jaber, Cato Zahl Pedersen og Kristin Waagen frå Tingvolløst.

Frivilligforum vart relansert i Ålesund. Målet var å samle organisasjonar frå heile Møre og Romsdal til ein inspirerende dag rundt reduksjon av barnefattigdom. Dagen vart organisert saman med Norges Musikkorps Forbund Nordvest, og den nasjonale satsinga mot barnefattigdom «Allemed». Deltakarane var frå kommunar, i tillegg til frå nokre frivillige lag og organisasjonar.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Dei seks kommunane som er med i det nasjonale kartleggings- og utviklingsarbeidet om "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse, har i 2017 prøvd ut nye former for medverknad for å få eit betre kunnskapsgrunnlag for planer og avgjerder. Fleire av kommunane nyttar allereie innspel frå medverknadsprosessane som delar av grunnlaget for planer og tiltak.

På oppdrag frå fylkeskommunen har Møreforsking gjennomført ei pilotundersøking om bruk og brukarar av seks ulike anlegg for fysisk aktivitet i Molde. Formålet med prosjektet har vore å få eit kunnskapsgrunnlag for vurdering av korleis spelemidlane betre kan nå særleg prioriterte målgrupper, og bidra til auka fysisk aktivitet gjennom eigenorganisert aktivitet (Møreforsking, Rapport Nr. 1707, 2017).

## 7 Kartlegging av rammevilkår – kommunale råd for funksjonshemma

Kartlegging av rammevilkåra for dei kommunale råda for funksjonshemma vart gjennomført i august/ september 2017. 30 kommunar svarte på skjemaet. Rapporten frå kartleggingane er sendt ut til kommunane. I tillegg er dei lagt ut på heimesidene til fylkeskommunen. Fylkesrådet vil sette resultatet frå kartlegginga på dagsorden på konferansar i 2018.

*Kvam skole - uterområde med jungelanlegg og turnbasseng var eit av anlegga som var med i pilotundersøking om bruk og brukarar av seks ulike anlegg for fysisk aktivitet.*

*Foto: Romsdals Budstikke*

# Møre og Romsdal Idrettskrets

**Koordinator for folkehelse og fysisk aktivitet:**  
Ellen Cathrine Hammer

**E-post:** ellen.hammer@idrettsforbundet.no  
**Telefon:** 408 77 781



*Idretts glede*

## 1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

### Aktivitetslederkurs barneidrett:

I 2017 har videregående skoler, med studie-spesialisering idrett gjennomført «Aktivitetslederkurs barneidrett» for sine elever. I tillegg har idrettskretsen arrangert ordinære kurs for tillitsvalgte i idrettslag og det har vært avholdt kurs der tema har vært «Trennerollen».

I 2017 innledet MRIK et samarbeid med SMISO Møre og Romsdal. De har vært ute i idretten og holdt foredrag og vært en viktig bidragsyter for å få frem viktigheten av å ha retningslinjer i idrettslaget. Fokus har også vært på hvordan man kan forebygge at seksuell trakassering og overgrep skjer i idretten og på hvordan idrettslaget og andre kan håndtere situasjoner.

## 2 Helsevennlig arbeidsliv

### Aktiv på Dagtid:

For de som faller utenfor arbeidslivet, kan Aktiv på Dagtid være et godt tilbud. Aktiv på Dagtid er et tilbud om trening og fysisk aktivitet for mennesker mellom 18 og 67 år, som befinner seg i trygdesituasjon. I Møre og Romsdal startet første kommune opp med tilbudet i 2005, i 2017 har flere kommuner et tilbud om Aktiv på Dagtid.

Fra 2011–2014 fikk idrettslag i fylket støtte til å drive aktivitet gjennom folkehelsemidler fra Helsedirektoratet og Norges Idrettsforbund. Tilskuddet falt bort fra 2015, men midler fra Møre og Romsdal fylkeskommune har bidratt til at 6 idrettslag i 3 ulike kommuner i fylket har fått støtte til å opprettholde aktiviteten også i 2017.

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

### Voksneidrett:

Gjennom Idrettspolitisk Dokument (IPD) som ble vedtatt på Idrettsstinget i 2015, har MRIK/NIF et økt fokus på å skape gode idrettstilbud for mennesker i alle aldre. Dette innbefatter også voksne.

Den gylne spaserstokk er et trimtiltak for eldre som arrangeres av helseslag, pensjonistforeninger og andre i samarbeid med de lokale bankene i fylket. Tiltaket har vist seg å være en positiv miljøfaktor ved siden av den helsemessige effekten som gå-trim gir. Møre og Romsdal idrettskrets administrer ordningen ved utsending av merker, gåkort, stokker og gåstaver etter bestilling.

I 2017 søkte og fikk Møre og Romsdal idrettskrets og Moldekameratene Bokseklubb midler til å starte et prosjekt med boksetrening for personer med Parkinson sykdom. Prosjektet er en suksess og 10–12 personer trener i lokalene til Moldekameratene Bokseklubb en dag i uka. Deltakerne som er blitt medlem av klubben trenes av to trenere fra klubben.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det fysiske miljøet er grunnleggende for helse, trivsel og livskvalitet for innbyggerne i Møre og Romsdal og planlegging er sentralt for å legge til rette for innbyggerne sin helse. Arbeidet med spillemidler i Møre og Romsdal skjer i samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Møre og Romsdal idrettskrets, særkretser, Det frivillige skyttervesen, idrettsråd, idrettslag og kommuner.

I følge folkehelseloven har kommunene ansvar for å legge til rette for et samarbeid med frivillig sektor. Idrettskretsen spiller en viktig rolle ved at den drifter Anleggsrådet. I samarbeid med idrettsråd og kommuner gjennomføres prosessmøter som involverer frivilligheten lokalt frem mot vedtatt kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Idrettskretsen gjennomfører årlig hallfordelingsmøte mellom særidretter og kommuner for å tilrettelegge for samarbeid og aktivitet.





## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Frivillige lag og organisasjoner skal være bærekraftige og offensive aktører i sine lokalsamfunn og nå bredt ut i befolkninga. Møre og Romsdal idrettskrets jobber for å få til gode tilbud som kan passe for alle.

I 2017 arrangerte idrettskretsen flere kurs i; Hvordan tilrettelegge for fysisk aktivitet på en måte som inkluderer alle. Deltakere har vært ansatte i skole og SFO, fysioterapeuter, ergoterapeuter, vernepleiestudenter og idrettsfagsstudenter.

I 2017 arrangerte idrettskretsen to utprøvningsdager for idrett for funksjonshemmede, såkalte «Paraidrettsdager». Dette er oppfølgeren til tidligere «Grensesløs idrettsdag» Utpøvingen ble arrangert Molde og Sula. Arrangementet i Molde var i samarbeid med Molde og Romsdals Turistforening. I forbindelse med utpøvingen i Sula hadde vi kurs i tilrettelegging av aktivitet for mennesker med skjulte funksjonsnedsetteler og et foredrag med Cato Zahl Pedersen.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Idrettskretsen har siden 2004 hatt et utvidet partnerskap om folkehelse med Møre og Romsdal fylkeskommune, gjennom God Helse programmet. Det innebærer at fylkeskommunen øremerker 20 % av årlig tilskudd til idrettskretsen, til arbeid med lavterskel fysisk aktivitet. Koordinator i idrettskretsen, jobber tett med Møre og Romsdal fylkeskommune, seksjon folkehelse og fysisk aktivitet. I tillegg er vedkommende idrettskretsens representant i «Livsstilsgruppa», samt i arbeidet med Frisklivssentralene i fylket.

**Innovasjonscamp 2017:** Livsstilsgruppa God Helse har siden 2014 bidratt med oppgaver til elever i ungdomskolene i flere kommuner.

I 2017 var temaet Kosthold med fokus på «Arrangementsmat», 15 elever fra ungdomskolene i Molde jobbet med oppgaven.

Idrettskretsen var medarrangør på Fylkeskulturkonferansen.

## 7 Ungdom og integrering

I 2017 opprettet MRIK et fylkesdekkende ungdomsutvalg etter å ha hatt et ungdomsnettverk bestående av idrettsengasjert ungdom, siden 2015.

Målene for ungdomsutvalget er å

- hindre frafall av ungdom fra idretten
- få flere ungdomstrenere og ungdomsledere
- skape mer idrett for ungdom, av ungdom
- gi ungdommene erfaring og på denne måten mer tillit i eget IL.

Idrettslag i fylket har søkt om midler til integrering gjennom NIF sitt flyktningfond siden 2015. Målet har vært å gi en meningsfull opplevelse gjennom idrett for mennesker med minoritetsbakgrunn.

I 2017 har MRIK hatt hospiteringsavtale med en person med minoritetsbakgrunn. Han jobbet hos oss to dager i uken og var involvert i arbeidet vårt med integrering.

Vi har arrangert Aktivitetslederkurs barneidrett for Flyktningtjenesten i Molde og vi lager nå en informasjonsfilm om idrett.

*Dimna IL ble tildelt Møre og Romsdal idrettskrets sin Idrettspris for 2017. Prisen ble mottatt av styreleder Trond Berg, sportslig leder Arve Hatløy og økonomileder Wenche Kleven. Foto: Grete Opheim*

# Sunnmøre friluftsråd

**Innbyggartal:** 94.525

**Namn:** May Britt Haukås

**E-post:** may@friluftsradet.no

**Telefon:** 977 09 653



På Stikk UT!-tur. Foto: May Britt Haukås

## 1 Om Sunnmøre friluftsråd

Alt Sunnmøre friluftsråd jobbar med handlar om folkehelse. Vi legg til rette for at så mange som råd skal kunne drive eit aktivt friluftsliv heile livet.

Vi driftar og skjøttar statleg sikra og andre viktige friluftsområde i 10 medlemskommunar.

Vi har eit stort aktivitetsarbeid for alle målgrupper, spesielt barn og unge. Vi arrangerer friluftsskular og andre aktivitetar for barn. Gjennom skulenettverket (25 skular) kursar vi det pedagogiske personalet i uteundervisning, og hadde 13 slike arr. i 2017 med 340 deltakarar.

Vi låner ut friluftsutstyr gratis til skular, barnehagar, lag og organisasjonar.

I 2017 gjennomførte vi eit stort prosjekt mot marin forsøpling og samla inn 113 tonn. Ca. 400 frivillige deltok.

Gjennom heile året har vi arbeidd for å få etablert Skjergardsteneste i Møre og Romsdal.

## 2 Stikk UT! og Stikk UT! Bedrift

Sidan 2015 har vi drifta turregistreringskonkurransen Stikk UT! i medlemskommunane på Sunnmøre. I 2017 registrerte 8.270 deltakarar i alle aldrar 178.862 turar. Om kvar tur får ein verdi på kr. 100 skapte Stikk UT! på Sunnmøre samfunns- og folkehelseverdiar for nesten 18 millionar kroner.

Stikk UT! Bedrift vart starta i 2016. I 2017 var over 50 arbeidsplassar med og brukte Stikk UT! som eit helsefremjande trivselstiltak på jobben.

## 3 Naturlos

Naturlos er eit årleg prosjekt der friluftsrådet to gonger i året gir ut ei avis med oversyn over natur- og kulturvandringar i medlemskommunane. I hovudsak er dette turar i regi av frivillige lag og organisasjonar. I tillegg kjem ei rad eigne annonser i aktuelle lokalaviser og på facebook. Det er gratis for annonsørane å vere med i Naturlos.

I 2017 marknadsførte friluftsrådet 140 natur- og kulturvandringar med ca. 3.500 deltakarar.

## 4 Turkort

Turkort er informasjon om enkle nærturar også personar med nedsette funksjonsevner kan klare. I 2017 ga friluftsrådet ut 10 nye turkort, som kjem i tillegg til dei 28 vi har gitt ut tidlegare. Kvart kort inneheld detaljert kart, bilde og informasjon om turen.

Turkorta er samla i permar som er distribuert ut til bibliotek, sørviskontor, lege- og tannlegekontor osv. i medlemskommunane til Sunnmøre friluftsråd.





## 5 Inkludering

«Finn naturglede – vinn helse» var namnet på innvandrarsprosjektet vi gjennomførte i 2017. Gjennom turar og friluftslivsarrangement vart bebuarane på asylmottaket i Ålesund introdusert til norsk friluftslivskultur.

### Prosjektet

Naturmøteplassen i Stordal vart vidareført, og to nye naturmøteplassar vart etablerte, i Vestnes og Ålesund. Dette er ein møteplass i friluft ein fast dag i veka midt på dag. Då brenn bålet og kaffien er klar for alle som vil kome.

Friluftsrådet ønskjer å etablere Naturmøteplassar i fleire medlemskommunar.

## 6 Sikring av område for friluftliv

Etter initiativ frå Sunnmøre friluftsråd fekk Ålesund kommune i 2017 godkjent statleg sikring av fire nye område: Hundsvær og Tyskholmen med «Karuseren» i Borgundfjorden, og Vikholmen med Lauvholmen i Ellingsøyfjorden.

## 7 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde

Med midlar frå Miljødirektoratet, fylkeskommunen, Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) og friluftsrådet, kunne vi i 2017 tilsette koordinator i 50 % stilling som jobbar med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre. Målet er at alle kommunar skal ha god oversikt og kunnskap om friluftslivsområda sine, og verdien dei har for friluftslivet. Alt blir kartfesta og digitalisert. Arbeidet har kome svært godt i gang, og nokre kommunar nærmar seg allereie målstreken.

*Smittande natur- og meistringsglede. Asylsøkjjarar og flyktningar på tur med friluftsrådet og ÅST til høgste toppen i Ålesund, Vasstrandegga.*

Innbyggartal: 3.557

## Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Tove Charlotte Æsøy

## E-post:

tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no

Telefon: 71 17 15 77 / 986 12 740



Foto: Tove Charlotte Æsøy

### 1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

SFO ved ein av skolane har vedteke ein kvalitetsplan der satsingsområde har vekt på folkehelse og nasjonale anbefalingar;

- 1. Tryggleik, gode relasjonar og sosial kompetanse
- 2. Sunn livsstil og helse
- 3. Barn i bevegelse
- 4. Kunst og handtverk

Med nye manus for MOT programmet er det no ein auka innsats retta mot skolen, der vi møtar alle ungdommane frå 8. til 10. trinn. MOT arbeider for at ingen skal kjenne seg utanfor og annleis, og er i tråd med Aukra sin verdi at «alle skal høyre til».

Aukra har eit aktivt ungdomsråd med 12 ungdommar – der 11 går i vidaregåande skole. Med vekt på å gi grundig orientering i alle saker dei tek opp, bidreg dette til ei kjensle av å bli tatt på alvor og mulegheit for medverknad i utvikling av heimkommunen sin. Leiar er vald inn i Ungdomspanelet i Møre og Romsdal.

### 2 Helsevennlig arbeidsliv

Kommunen gjennomførte i 2017 ny medarbeiderundersøking, Faktor 10. Ut i frå desse resultatane har einingane arbeidd vidare med val av forbedrings- og bevaringsområde, tiltak, oppfølging og evaluering. Arbeidsmiljø er eit av områda det har blitt arbeidd med.

Kommunen arbeider systematisk med IA plan (inkluderande arbeidsliv) og delplan for einingane. Alle einingane skal sette nye delmål kvart år.

Det vart i 2016/2017 gjennomført ROS-analysar av det psykososiale arbeidsmiljøet i einingane. Tema var «Vi følelsen» og korleis vi kunne styrke denne. Det skal gjennomførast ROS analysar anna kvart år.

I 2017 vart det starta arbeid med ein overordna HMS plan. Denne skal oppfylle alle krav i internkontroll foreskrifta.

Aktivitetsskampanjen Stikk UT! bedrift som går føre seg frå 1. mai til 30. oktober vart kommunen med i for 2. gang. Litt mindre deltaking i år, men mange av dei som var med var svært ivrige.

### 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Musikkterapeut frå kulturskolen har kvar veke musikkterapi med busette og brukarar på sjukeheimen og personar med demens på dagsenter.

Føremålet er å gje eldre og pasientar med demens ein betre kvardag; Gjennom bruk av musikkaktivitetar vere med å auke deira identitetskjensle og livskvalitet og stimulere sosial kontakt gjennom musikkreminisens. Tilbodet er eit samarbeid mellom kulturskole, sjukeheim og dagsenter.

I mai 2017 skreiv Aukra under ein avtale med Nasjonalforeninga for folkehelsen om å bli eit meir «Demensvennlig samfunn». Det vart etablert ei arbeidsgruppe. Kampanjen går ut på at tilsette i kommune og nærlingsliv, får tilbod om eit 1-times kurs om demens. Målet er at personar med demens skal involverast og bli møtt med respekt i lokalsamfunnet.

Aukra kommune er også med på eit prosjekt for å utvikle ein modell for systematisk oppfølging etter demensdiagnose med midlar frå Helse- direktoratet.

### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det har vore ei stor satsing på friluftsliv i Aukra kommune i mange år. I 2017 fekk Aukra sin første kyststi. Denne ligg i eit naturskjønt område og har vore mykje i bruk sjølv om den enno berre er 1,2 km.

Kommunen har mange turstiar og friluftsområde, mellom anna 3 som er statleg sikra. Desse krev mykje vedlikehald, noko av dette vert gjort av velforeiningar og grendalag.

Falkhytten sentrum var i fjor i fokus når det gjeld trafikktryggleik. Der ferdast det mange skolebarn, det er fleire vegkryss og det er mykje trafikk, også tungtransport. Fartsgrensa vart redusert til 40 km/t og det vart laga fleire overgangsfelt. 3,6 km med nye gatelys var ferdig i 2017. Ein stor del av vegane våre har no gode lysforhold med nye LED lys.



## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Aukra har mange lag og organisasjonar. Kulturavdelinga i kommunen har ein tradisjon å invitere desse til ei årleg samling. Det vart arrangert to samlingar dette året. Den første i januar hadde Kulturplan og Kulturminneplan som tema. Den andre samlinga i november var eit samarbeidsprosjekt med skolane og eining for Innvandring og Integrering, der vi hadde besøk av Marco Elsafadi som heldt eit flott foredrag om inkludering og å høyre til. Denne samlinga var også for elevar og føresette.

Aukra har mange flyktningar og innvandrarar. Mange av dei yngste er godt integrert i fritidsaktivitetar.

Eininga for innvandring og integrering, som vart starta i oktober 2016, har svært gode resultat for deltakarar som har gjennomført introduksjonsprogrammet.

Av 11 deltakarar er 9 kvalifisert til vidaregåande utdanning og ein til arbeid.

Flyktningane har fått svært tett oppfølging av gode programrådgjevarar. Aukra har sidan eininga starta tatt i mot 92 flyktningar i alle aldrar, også einslege mindreårige.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Samhandling på tvers av sektorar er eit utfordrande område for dei fleste kommuner og verksemdar. Det har vore stort fokus på dette den siste tida. Leiargruppa har hatt temaet på dagsorden fleire gonger, til dømes samhandling i samband med folkehelse.

Vald i nære relasjonar har vore eit mykje omtala tema. Aukra laga ein ny plan om dette i fjor saman med alle kommunane i Romsdal regionen. I samband med dette er fleire personar i kommunen som med på eit kompetansehevingssprogram. RVTS er arrangør av dei 7 dagane som går over 3 semester.

Med bakgrunn i satsing på tidleg innsats er det starta eit tilbod om musikkgruppe for born frå 1–4 år med familie. Tilbodet skal være med å styrke språkutvikling og integrering gjennom det gode måltid og det musiske samspelet. Det er kulturskolen i samarbeid med eining for innvandring og integrering og Aukra kyrkje som organiserer dette populære tilbodet.

## 7 Aukra Frivilligsentral

Aukra frivilligsentral er ein viktig møteplass for mange i kommunen. Drifta er stabil og huset er mykje brukt. Frivilligsentralen var i bruk 2243 timar i 2017.

Lag og organisasjonar kan bruke sentralen gratis til møter og arrangement og den vert også ofte leigd ut til private tilstelningar. Døme på bruk av lokala er til språkkafe og leksehjelp i regi av Røde kors. Der er også mange musikktilstelningar som sangtreff og ta mikrofonen. Lokala blir også brukt til småbarnstreff, kafé, sommarutstilling og avslutningar for Aktiv senior/Aktiv på dagtid.

Frivilligsentralen har hatt to arrangement for matombringarane. Ei sommaravslutning i juni og ei juleavslutning i desember. På møta går vi gjennom turnus for neste halvår og avsluttar med ein tallerken mat. Vi har ein flott stab på om lag 25 frivillige som køyrer mat laga på Aukraheimen ut til eldre i kommunen kvar dag året rundt. I 2017 fekk vi 2 nye matombringarar.

*Små og store er samla til småbarnstrall i regi av kulturskolen i samarbeid med eining for innvandring og integrering og Aukra kyrkje. Dette er eit tilbod til barn frå 1–4 år med familie. Tilbodet skal vere med på å styrke språkutvikling og integrering gjennom musisk samspel og gode måltid.  
Foto: Ingvar Kristensen*



**Innbyggartal:** 3 593

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Guro Amundsen

**E-post:**

guro.amundsen@aure.kommune.no

**Telefon:** 905 76 275



Foto: Andreas Winter

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

Barnehageansatte i kommunen har gjennomført del to av Fiskesprellkurs, der det var fokus på tilberedning av mat utendørs. I tillegg er det stort fokus på aktiviteter utendørs og bruk av friluftsområder i barnehagene. Det arrangeres ulike aktivitetsdager både sommer og vinter, samt servering av frukt og grønt hver dag.

Skolene jobber systematisk og målrettet med inkludering, fysisk aktivitet og et trygt og godt skolemiljø. Blant annet har barnetrinnene vært med på aksjonen «Hopp for hjertet», samt den nasjonale satsingen BlimE-dansen. Aure barne- og ungdomsskole er med i Trivselslederprogrammet, der to til fire elever fra 4.-10. trinn får opplæring og ansvar for lekeaktiviteter i friminuttet. Skolene har fokus på aktiviteter i naturen, og arrangerer ulike turer gjennom hele året.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

Kommunen selv er den største arbeidsplassen. Aure kommune er IA-bedrift. Ansatte i Aure kommune har tilbud om trening med fysioterapeut en gang i uken. Det er også trimkonkurranse med trekning av premie hvert kvartal.

Aure dagsenter er et viktig arbeidsfellesskap for de som trenger et dagtilbud. Der har de snekkerverksted, aktivitetsrom og kjøkken. Treffstedet og Bruktbua er også aktivitetstilbud på dagtid, i regi av Psykisk helse og rus.

Det er startet opp et tilbud om «Fysisk aktivitet på resept» for mennesker som trenger hjelp til å endre levevaner og komme i gang med fysisk aktivitet. I tillegg er det startet opp en treningsgruppe for voksne. Tilbudet er gratis.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

Det er ulike trimgrupper for eldre i kommunen, avhengig av funksjonsnivå. Frivilligsentralen tilbyr skyss til deltakere rundt om i kommunen til fredagstrimmen ved Aure Omsorgsbolig. Helselaget arrangerer torsdagskaffe hver uke. Tustna husflidlag arrangerer strikkekaffe, og Aure Seniordans møtes en gang i uken.

Aure kommune startet opp arbeidet med Aktivitetsvenn i regi av Nasjonalforeningen for folkehelsen. På den første kurskvelden ble det satt rekord i antall fremmøtte, og mange frivillige meldte seg som Aktivitetsvenn etter kurset. Dette er et tiltak som gir god helse og glede for både frivillig og bruker.

Kommunen har nedsatt et forbedringsteam som jobber med «Gode pasientforløp». Hensikten er å bedre brukervedvirkningen for pasientene gjennom fokus på helsefremmende mestring, og redusere antall reinnleggelser til sykehus.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Aure kommune har god tilgang på turmuligheter i nærmiljøet. 63 % av befolkningen har trygg tilgang til rekreasjonsareal og 85 % har trygg tilgang til nærturterreng.

Kommunen ble i 2017 medlem av Møre og Romsdal friluftsråd. Kommunen blir Stikk UT!-kommune fra og med våren 2018, med ti flotte turer planlagt.

Arbeidet med Aureelva helseløype er i gang. Det vil bli en universelt utformet tursti lokalisert i Aure sentrum, som vil gi mange innbyggere med ulike funksjonsnivå tilgang til et flott turområde.



Foto: Andreas Winter

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Aure frivilligsentral ble etablert i 2016, og bidrar i stor grad til integrering og samfunnsdeltakelse for mange.

Helselagene bidrar til aktivisering og inkludering, gjennom blant annet trimturer, sosiale arrangement, bading i varmtvannbasseng og tilskudd til andre lag i kommunen.

Kulturskolen har et bredt tilbud, og har mer enn 160 elevplasser med en aldersgruppe fra 4-65+ år. I dag er det 32 ulike undervisningstilbud ved Aure kulturskole innen musikk, dans, visuell kunst og drama.

Det er to bibliotek-avdelinger, som begge er åpne to dager i uken.

Det er tre idrettslag i kommunen, alle med et mangfoldig utvalg i tilbud og aktiviteter, som villmarksleir, bueskyting, triatlon, klatring og taekwondo.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Arbeidet med oversiktsdokumentet over folkehelsen i kommunen er i ferd med å ferdigstilles.

UngData-undersøkelsen er gjennomført i 2018. Resultatene vil fremlegges for politikere og innbyggere i løpet av våren.

Aure kommune deltar i et interkommunalt plansamarbeid som skal utarbeide felles sjøarealplan for 11 kommuner på Nordmøre.

**Innbyggartal:** 3.454

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Ellen Marie Krakeli

**E-post:**

Ellen.marie.krakeli@eide.kommune.no

**Telefon:** 979 84 232



Foto: Eide kommune

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

Eide kommune er med i satsingen: «Inkluderende skole og barnehagemiljø». Det er et kompetanseutviklingsprogram som skal styrke barnehagers og skolars kompetanse til å skape og opprettholde gode barnehage- og skolemiljøer, og forebygge, avdekke og håndtere mobbing og andre krenkelser. Deltakerne jobber også med regelverk, ledelse og organisasjonsutvikling. Ansatte i Eide kommune som møter småbarnsfamilier og gravide har gjennomført opplæringsprogrammet «Tidlig inn» i samarbeid med Korus. «Tidlig inn» er et opplæringstilbud for å gi fagfolk økt kompetanse til å snakke om sårbare temaer som psykisk helse, rus- og voldsproblematikk i møte med gravide og småbarnsforeldre. Eide kommune har også innledet et samarbeid med Korus om «Barnespor» der målsetningen er å innfri kommunens plikter etter helsepersonell lovens §10 a om å ivareta barn som pårørende i de tilfeller omsorgspersonene sliter med rus, psykisk eller alvorlig somatisk sykdom.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

Kommunen er en IA-virksomhet, og samarbeider med bedriftshelsetjenesten og NAV. Kommunens personalhåndbok ble revidert i 2017 i tett samarbeid med tillitsvalgte. Tillitsvalgte er også godt inkludert i prosessene rundt å danne nye Hustadvika kommune fra 2020.

Eide kommune har en egen seniorpolitikk for ansatte over 55 år. Målet er at medarbeidere skal føle seg sett, respektert og føle arbeidsglede hele yrkeskarrieren. Virkemidler er seniorsamtaler, kompetansebygging for seniorer, fleksibel arbeidstid, tilskudd til utgifter til trening/trim, kurs i forberedelse til pensjonsalderen.

Mestringsenheten har en 100 % prosjektstilling for å ivareta aldersgruppen 15–18 år med tanke på å forebygge frafall fra videregående, forebygge og følge opp utfordringer knyttet til rus og dårlig psykisk helse, samt å bidra til en god start inn i et yrkesaktivt liv.

Frisklivssentralen sine treningsgrupper og kurs er åpne for alle voksne innbyggere.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

«Aktivitetsvenn» ordningen til Nasjonalforeningen for folkehelse er etablert og vi er i gang med å rekruttere og kurse aktivitetsvenner som skal gi mennesker med demens et sosialt tilskudd i hverdagen.

Aktiv på dagtid har utvidet tilbudet sitt med bassenggruppe i samarbeid med Eide helselag og frivillige aktører. Frisklivssentralen har faste gruppetreninger hver uke som er åpne for deltakelse for alle innbyggere. Dette for å imøtekomme behovet for tilrettelagt trening også for eldre. Kommunen samarbeider med Eide seniordans som hver 14. dag har tilbud om sittedans på biblioteket.

10. mai markerte Eide kommune «Verdens aktivitetsdag» og åpningen av «Stikk UT!» sesongen på Halåsetra i samarbeid med pensjonistforeningen, helselaget, Halåsetras venner og N&R Friluftsråd. Det har i 2017 vært jobbet med å tilby flere grønne Stikk UT! turer for å legge til rette for økt Stikk UT! deltakelse for alle nivå. Kommunen tilbyr også eldre arrangementer gjennom midler fra den kulturelle spaserstokken.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Eide kommune har investert i ny belysning utenfor Eidehallen for å sikre trygg ferdsel for de mange brukerne av Eidehallen.

Eide ungdomsråd har jobbet med innspill til trafikktryggingstiltak og ønsker at gatelysene i kommunen er på til kl. 00.00 på fredag og lørdag. Ungdomsrådet ønsker også fotgjengerovergang mellom Eidehallen og kunstgressbanen, samt bedre asfaltering av enkelte kommunale veier slik at de egner seg bedre for sykler og mopeder.





Bilde fra markering av  
"Verdens aktivitetsdag" på  
Halåsetra 10. mai 2017

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

I folkehelse rapporten ble et godt samarbeid mellom kommune og frivillighet trukket fram som et satsningsområde. I 2017 prioriterte kommunestyret å gjeninnføre et kommunalt tilskudd på 150.000 til lag og organisasjoner som søkte.

Eidehallen, som er kommunalt eid, er gratis å leie for lag og organisasjoner i Eide og bruken av hallen har fortsatt å øke i 2017. I tillegg til å være en viktig arena for idrett, fysisk aktivitet og bevegelsesglede er Eidehallen også en møteplass og en sosial arena for familier og øvrige innbyggere. EOFK har inkludert flyktninger fra både Eide og Fræna i ukentlig fotballtrening i hallen.

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er revidert og i den forbindelse har det vært arrangert åpne møter mellom kommunen og lag og organisasjoner for å komme fram til innhold og og prioriteringer i ny plan. Kommunen og idrettsrådet har også undertegnet en avtale for å formalisere samarbeidet mellom kommunen og idretten i Eide.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Eide kommune har rullert flere planer i 2017, og utføringer fra folkehelse rapporten fra 2016 er tatt opp og diskutert både i «Boligsosial handlingsplan», «Helse- og omsorgsplan» «Ruspolitisk handlingsplan» og «Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv». Enkelte tiltak har vært prioritert høyt og flere tjenester er styrket gjennom eksterne prosjektmidler. Fritidstilbudet er styrket og det har vært gjennomført kompetansehevende tiltak som «Tidlig inn» og «Barnespor». Eide kommunes rusforebyggende arbeid har blitt lagt merke til ut over kommunes grenser og representanter for kommunen lagt fram arbeidet på nasjonale konferanser. Det har vært en styrke å ha gjort et grundig kartleggingsarbeid gjennom «Oversikt over helsetilstanden». Dette har skapt en felles forståelse for styrker og utfordringer slik at vi på lang sikt kanskje kan enes om og prioritere folkehelsearbeidet til tross for dårlig økonomi.

**Innbyggartal:** 9.775

**Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:**

Ragnhild Elin Aas

**E-post:**

ragnhild.elin.aas@frana.kommun.no

**Telefon:** 90 77 19 12



Foto: Ragnhild Elin Aas

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

**HOPP-prosjektet!**

I 2017 har Fræna satt igang HOPP-prosjektet, som står for Helsefremmende oppvekst for barn og unge. Her vil det bli en samkjøring av tiltak inn mot barn og unge.

Helsestasjon, Fysio/ Friskliv, skoler og barnehager skal samkjøre forebyggende tiltak innen kosthold og arbeidet mot overvekt. Det ble i 2017 ansatt klinisk ernæringsfysiolog i prosjektet som bl.a. skal jobbe med felles innkjøpslister for barnehagene og SFO/skole.

Flyktningehelsesøster i kommunen, med oppstart i 2017.

Skolesektoren har gått inn med MOT i alle ungdomsskolene. MOT skal nå også føres videre med kommunen som samfunnsbygger. Fra før har vi ART-programmet på barneskolene. De markerer også Verdensdagen for psykisk helse.

I tillegg jobber frivillige lag og organisasjoner med mange aktiviteter for barn og unge. Vi har bl.a. Barnas Turlag, friluftscamper, idretts- og friluftslivsaktiviteter.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

I 2017 meldte vi også på Fræna kommune som Stikk UT!-Bedrift, og vi hadde ca 20 avdelinger med. Det ble gått turer og konkurrert internt gjennom hele sesongen. Det ble en suksess hos oss og skapte stor inspirasjon og aktivitet. Med månedlige premieringer og konkurranse om å vinne Blåtur for avdelingene, ble det mye aktivitet blant de ansatte.

Kommunen er IA-bedrift og har godt samarbeid med Frisklivssentralen i forhold til sine ansatte, og tilbyr kurs, trening og påfyll.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

Fræna Frisklivssentral har mange deltakere og går godt. Den ble startet i 2012, og har vært et godt supplement til helsefremming og hjelp til livsstilsendring i vår kommune.

Aktivitetene i Aktiv på Dagtid er veldig populære og varierte. Vi har her ulike aktivitetstilbud hver dag - 35 uker i året, og med en turgruppe opp mot 70 personer hver uke.

Hverdagsrehabilitering har fått fokus de siste årene, og vi er i gang med et team som skal oppsøke og legge til rette for gode tiltak for hjemmeboende eldre.

Aktivitetsvenn for demente er et godt tiltak som skal fremme hverdagsaktiviteter og gi mer innhold.

«Sterk og stødig» er etablert i fysio/friskliv. Tilbudet skal fremme aktivitet blant eldre og bidra til å bedre helse og god balanse.

Vi har også etablert Stikk UT! KulTur-løyper som er et nærturkonsept, som skaper stor entusiasme i ulike lokalmiljø. Vi ønsker å få til enda flere slike!

**4 Trygt og  
helsefremmende  
fysisk miljø**

Folkehelse og Kultur har stort fokus på utforming og tilrettelegging for helsefremmende aktiviteter og utvikling av gode tilrettelagte miljø. Vi har stort fokus på lavterskeltilbud som Stikk UT! og KulTur.

Kultur/folkehelse har nå satt opp treningspark og treningsløype ved sykehjem/omsorgssenter i Elnesvågen sentrum. Her er også 3 sandvolleyball-anlegg plassert ved badeplass og småbåthavn.

Folkehelse er representert i kommunens Planforum og Helseforum. Her sitter også ledende helsesøster/barnas representant.

Ellers er folkehelse plassert i Trafikktryggingsutvalget som skal jobbe med å få kommunen sertifisert som «Trafikksikker kommune».


**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Vi søkte og fekk midlar til ei ny runde med Turskiltprosjektet. Denne gongen vart turstiar i Eiksund/Haddal-området prioritert, og vi har nært samarbeid med frivillige. Vi har fått på plass avtalar med alle grunneigarar, og fått produsert alle skilt, men dei blir først sett opp til våren.

Sørøyane Røde Kors, Rotary, flyktningkontoret og frivilligsentralen har hatt eit felles Gapahuk-prosjektet. Den første Gapahuken sto ferdig i desember, ved Bugardsmyrane. Den neste skal vere ved Lisjevatnet, vidare innover turvegane i fjellet frå Bugardsmyrane. Busette flyktningar har delteke i arbeidet med å setje opp desse, som praktisk opplæring innanfor frivillig arbeid, på introduksjonsprogrammet. Gapahuken er eit flott tilskot til dei viktige friluftsområde vi har fått i Bugardsmyrane, som er utvikla med benkar, bålpanner, lyssetting og nye turvegar siste åra.



Her er dugnadsgjengen i full gang med å sette opp den flotte gapahuken i nydelege omgjevnader ved Bugardsmyrane.

Foto: Inger Anne Dimmen

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

I juli 2017 starta vi opp prosjektet «Frivillig arbeid som arena for integrering og språktrening», som er eit samarbeid mellom folkehelsekoordinator, avdeling for inkludering og mangfald og IL Hødd Fotball. Prosjektet har som overordna målsetting å inkludere fleire busette flyktningar og andre innvandrarar i det frivillige arbeidet. I samband med prosjektet oppretta vi mellom anna Kafé 1919, som er eit middagstilbod drive av deltakarar frå introduksjonsprogrammet. Deltakarane driv kaféen som sin språkpraksis. Kaféen har blitt ein fantastisk møtestad, og ein stor suksess på fleire måtar. Deltakarane er svært fornøgde, får praktisere mykje norsk, og kan fortelje at dei har fått nye venner gjennom tilbodet. Kaféen er populær i lokalsamfunnet, og fleire og fleire tek i bruk tilbodet som måltid og møtestad. Kaféen har også blitt ein ettertrakta praksisplass som fleire ynskjer å bli ein del av. Elles i prosjektet vert det jobba med informasjon, haldingsarbeid, og foreldreinvolvering.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I samband med arbeidet med arealdelen av kommuneplanen starta vi opp arbeidet med å kartlegge og verdsette friluftsområda våre, etter veileder med same namn, frå Miljødirektoratet. Ei arbeidsgruppe med både kommunale og frivillige representantar utarbeidde eit forslag til kartlegging og verdsetting, og det blir no jobba med å hente inn innspel og lokalkunnskap frå innbyggjarane for å styrke dette arbeidet.

Vi har elles dei same faste samarbeidsfora som vi har hatt tidlegare. Planforum er ein fast møteplass annankvar veke, der rådmann, ass. rådmann, kommunalsjefar, kultursjef, barn og unge sin representant, planleggar og folkehelsekoordinator deltek. Dette har også vore arbeidsgruppa for arbeidet med arealdelen, som har pågått i 2017.

Folkehelsekoordinator, frisklivskoordinator, kommuneoverlege, kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg har også faste samarbeidsmøter ein gong i mnd. som før.

## 7 Ulstein Arena

2. desember opna endeleg Ulstein Arena dørene. Bygget, som ligg midt i Ulsteinvik sentrum, og rett ved dei to sentrumsskulane, inneheld både idrettshall, klatrehall, badeanlegg og nytt bibliotek. Alle delane av bygget er allereie svært mykje brukt. Plasseringa og utforminga av det nye biblioteket er svært gunstig med tanke på biblioteket sin funksjon som lågterskel og uformell møtestad. Svært mange og ulike brukargrupper, også mange nye, har teke i bruk biblioteket. Skuleelevane har fått ny hall til kroppsoving, og symjehall til symjeundervisning, som vart sårt etterlengta. Helse- og omsorgstenestane har også på gang tilbod om bassentrening til sine brukarar, inkludert frisklivssentralen. Vi ser føre oss mykje og god bruk av heile dette bygget i framtida, som vil påverke folkehelsa i kommunen positivt.

**Innbyggartal:** 3.203

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Hanne Morseth

**E-post:**

hanne.morseth@vanylven.kommune.no

**Telefon:** 70 03 01 82 / 950 24 557



Foto: Hanne Morseth

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

TFT (tverrfagleg team) arbeidar for å sikre eit heilskapleg tenestetilbod for barn og unge i kommuna. Gruppa skal vere ein ressurs for barn, foreldre og tenesteytarar i kommunen og skal arbeide førebyggjande og systematisk for å fremje barn sine oppvekstvilkår. TFT har blant anna starta opp psykologisk førstehjelp for 3. klassingar i Vanylven.

Verdensdagen for psykisk helse vart markert i to omgongar. Den 27. september kom Adil Khan til Vanylven og holdt foredrag for elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Også helsefagarbeidarar var invitert inn her.

Ungdomskontakta arrangerer ungdomsklubb annakvar fredag, skidagar og tur til badeanlegg i feriar. Lågterskeltilbod.

Ungdom i alderen 13–18 år fekk også i 2017 tilbod om å delta på gratis kurs i juni. Kursa gjekk over 3 dagar. Her kunne ein velje mellom blant anna dans, surfing, grafitti m.m.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

På IA-konferansen i Molde 18. oktober vart Vanylven kommune tildelt IA-utmerkelsen for 2017.

Utmerkinga går til verksemdar eller einingar som over tid har gjort ein innsats for å betre arbeidsmiljøet, styrka nærværet til jobb, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøting og fråfall i arbeidslivet.

I grunngjevinga vart kommuna særleg heidra for å inkludere folk som står utanfor arbeidslivet. Fire punkt vart trekt fram:

- Viktig samarbeidspartner for NAV ved å ta imot kandidatar på arbeidstrening.
- Det vert gjort ein god jobb med lærlingar i alle arbeidsfelt i kommunal sektor.
- Det er oppretta eige ungdomsprosjekt for å motivere og få sett i gong ulike tiltak for arbeidsledig ungdom.
- Stor velvilje for å legge til rette arbeidsoppgåver for tilsette som slit med helsa.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

Vanylven kommune starta opp frisklivssentral med offisiell opning i mars 2017. Det var godt oppmøte denne ettermiddagen og fleire som tok kontakt med frisklivsrettleiar for helsesamtale. Det vart frå starten av lagt opp til fire gruppetreningar i veka, to ute og to inne på treningsrom. Det har også vore køyrt eit bra mat kurs på våren 2017. Det har sidan oppstarten vore jamnt med deltakarar på sentralen.

Vanylven helse- og omsorgssenter fekk overlevert ein elektrisk pasientsykel frå gruppa «Trivsel for eldre». Dette gjer det enklare for bebuarane å kome ut på tur.

Vanylven kommune har fleire dagtilbod. Dagtilbod for personar med demens og dagtilbodet for eldre går 3 gongar i veka, medan dagtilbodet for psykisk helse 1 gong i veka. Gode møteplassar som minkar einsemd for brukarane og kan avlaste dei næraste for omsorgsoppgåver.

Verdensdagen for psykisk helse vart i tillegg til foredrag av Khan markert med stand 10. oktober.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Det har vore jobba hardt og lagt trykk på å få gang- og sykkelveggar i Vanylven opp på prioriteringslistene til fylket. Gang- og sykkelveggar på Tunheim har lege øvst på denne prioriteringslista i Vanylven lenge, og i juni 2017 vart det vedteke å løyve pengar til dette frå Samferdselsutvalet.

Vanylven kommune har mange turar registrert på nettsida [www.morotur.no](http://www.morotur.no). Denne sida er nytta til inspirasjon og motivasjon for å kome seg på tur.





## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Vanylven kommune fekk i desember 2016 innvilga 500.000 kroner i midalar frå Kulturdepartementet til eit pilotprosjekt med mål at alle born og unge skal få sjansen til å vere med i minst ein organisert fritidsaktivitet. Prosjektet fekk namnet «Aktivitet for alle».

I prosjektperioden har det vore fleire møtepunkt med lag og organisasjonar i kommunen, blant anna med ein workshop for å kartlegge behov og ynskjer. 150.000 kroner av midla vart sett av til innkjøp av utstyr. Dei ulike laga har fått vere med å bestemme kva som skal vere i pakken som skal vere til utlån for alle.

I prosjektet har det også vore jobba med ei nettside med oversikt og informasjon over dei aktivitetene som finnes i kommunen.

På UKM var det i 2017 rekordstort publikum og heile 18 sceneinnslag, 12 utstillarar og totalt 133 påmeldte.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Vanylven kommune er med i fleire interkommunale samarbeid med kommunene på søre Sunnmøre. Eit av dei er «Ansvarleg vertskap», eit samarbeid også med politi, bransjen, Securitas og KoRus. I 2017 vart det halde to kurs, eit for skjenkestadane i kommunene og eit i forbindelse med festivalar.

Målet med kursa er å sette skjenkestadane og arrangørane betre i stand til å ivareta trivsel og tryggleik for gjestane, unngå overskjenking av gjestar og skjenking til mindreårige.

## 7 Årets MOT coach

Veslemøy Ervik vart kåra til årets MOT-coach under kveldsshowet på MOT si Ildsjelsamling i september 2017.

MOT-coachane er dei som gjennomfører MOT sitt program «Robust ungdom» i klasserommet.

– Først og fremst må eg sei at dette var utruleg uventa. Det viktigaste når du er MOT-coach er at du ser alle. Vanylven er eit lite lokalsamfunn, og der er det ekstra viktig at ein også ser ungdomane etter skulen. –Hugs det folkens, du kan ikkje berre gløyme dei når skulen er slutt. Du må ha ungdomane i hjartet ditt 24/7, seier Ervik.

Vanylven har vore ei MOT kommune sidan 2005 og skorar høgt på MOT undersøkelane.

*Veslemøy Ervik mottok prisen «Årets MOT-coach» av utdelarane Johann Olav Koss og Marte Wivestad på Ildsjelsamlinga i Trondheim.*

*«All ungdom som har MOT i Vanylven, har eit forhold til Veslemøy og vi veit ho når inn til ungdoms hjerter», seier Wivestad.*

*Foto: Vanylven kommune*

# Vestnes

## kommune

Innbyggartal: 6.577

Folkehelsekoordinator i o % stilling:



Foto: Reidun Bjølverud

### 1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Kurs i babysvømming.

Full rulle på frivilligsentralen  
– uformell møtestad for dei som er heime med baby.

Stikk UT! turar  
– tilrettelagt for tur med barnevogn, og med små born.

Barnehagebibliotek er oppretta i to av bhg.

Haldningsskapande klasse miljøprogram i grunnskulen:  
«Det er mitt val» Trivselsleiarordning i grunnskulane.

Gjennomføring av oppvekstundersøking i grunnskulane:  
«ung data».

#### Barnehagane har

- MiniRøris
- Fokus på tannpuss og sunt kosthald
- Svømmeopplæring for førskulebarna i 2 bhg
- Fokus på aktivitet og kvile
- Inne og uteaktivitetar til alle årstider
- Aktivitetar i gymsal
- Førstehjelp for førskuleborn Henrydukka
- Kommunal og lokal plan for overgang  
bhgskulesuntkosthald

### 2 Helsevennlig arbeidsliv

Varmebassenget er ope  
for alle tilsette i kommunen  
– gratistilbod- HMS tiltak.

Gode rabattordningar på  
treningscenter – HMS  
tiltak.

Møteplassen er eit  
oppfølgingstiltak for  
sjukemeldte arbeidstakarar.

Kurs i mestring av  
belastning (KIB) 2 gonger  
pr år – I regi av IA-  
arbeidsgjevar kan søkje  
inn tilsette til kurs. Dette  
gjeld både arbeidstakara  
som står i fare for å bli  
sjukmeldt og dei som er  
sjukmeldt.

Snakkbart – arrangement  
på folkebiblioteket.  
Ei arrangementspakke  
som er utvikla av Vestnes  
folkebibliotek og som har  
fysisk og psykisk helse som  
tema. Samarbeider med  
helsestasjon, psykiatri og  
andre helseaktørar for å  
sikre eit relevant innhald.

### 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Aktivitetsvener for  
demente – starta opp  
i 2017. Kursing av  
aktivitetsvener som er  
kople saman med ein  
person med demens.

Kulturkafé for eldre ein  
gong i veka med mellom  
anna sittedans som ein av  
aktivitetane.

Fleire Stikk UT! turar er  
tilrettelagt for rullator.

Gåtur for alle arrangeres  
ein gong i månaden med  
organisert samkøying til  
ulike turmål.

Kulturskolen har  
sangstunder i fleire av  
eldreinstitusjonane i  
kommunen.



*Babysvømming i regi  
av Kulturskulen  
Foto: Mette Mjelve*

#### 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Folkehelseperspektivet skal være framme i all planlegging/prosjektering og utbygging i kommunen.

Ein vil arbeide for bygging av gang og sykkelveggar, syte for gate/vegbelysning slik at aktivitet kan oppretthaldast og i den mørke årstida.

Ein vil sørge for sikker ferdsel gjennom snøbrøyting og sandstrøing.

Det vert arbeidd for å tilrettelegge for parkeringsplassar ved utfartsområde, og etablere toalettløsningar til disse.

Hageområdet rundt frivilligsentralen må og nemnast. Ei perle for små og store i kommunen.

Det vert satsa på friluftsliv i kommunen med fleire nye turvegprosjekt i 2017.

I 2017 vart det førehandsgodkjend nye rundløyper/skiløyper på Tomrefjellet samt ei ny aktivitetsflate (nærmiljøanlegg) ved Vike Friskule.

#### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Møteplassar for integrering

- Språkkafé
- Biblioteket
- Temakvelder-ulike land
- UKM
- Frivilligdagen

Vi fekk rapporten «Kulturliv og frivillighet som integreringsarena i Vestnes kommune», og har hatt presentasjon av denne for fleire, mellom anna frivilligheita i kommunen. Kommunestyret har vedtatt at rapporten skal ligge til grunn for vidare arbeid i kommunen vår. Dette er vi i gang med å gjennomføre.

Utstyrssentralen er i drift på frivilligsentralen, der alle kan låne friluftsutstyr gratis. Stikk UT! – Lag og organisasjonar arrangerer fellesturar.

Kulturskulen sitt motto er «kulturskule for alle» Kulturskulen står for opplæring som vidare bidreg til deltaking i det frivillige kulturlivet, som korps, kor og spelemannslag.

Kommunen støtter skulekorpsa ved å dekke 50 % av utgiftene til dirigentteneste.

#### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Desse oppgåvene vart tidlegare ivaretatt av folkehelsekoordinator i 50 % stilling. Vestnes kommune har ikkje lenger tilsett folkehelsekoordinator. Folkehelsearbeid står på agendaen i alle einingane i kommunen.

Når det gjeld «Stikk UT!» har Frivilligsentralen overtatt koordineringsoppgåvene til tidlegare folkehelsekoordinator.

Det vart i 2017 inngått ein partnarsskapsavtale mellom kommune/lag som sikra vidare drift av Ørskogfjellet skisenter.

Med rapporten «Kulturliv og frivillighet som integreringsarena i Vestnes kommune» som grunnlag har vi jamnelege møte mellom Kulturskulen, Frivilligsentralen Biblioteket, Flyktningetenesta og Vaksenopplæringa. Målet er at det skal resultere i betre heilskapleg integreringsarbeid i kommunen vår.

#### 7 Folkehelse tema i Eining for Kvalifisering og integrering

Alle lærebøkene som blir nytta i vaksenopplæringa har kapittel som omhandlar helse og kosthald.

Flyktningtenesta eigne tema om kosthald, fysisk aktivitet, seksuell helse og psykisk helse i introduksjonsprogrammet.

Deltakarane blir også tatt med på tur slik at dei skal bli kjend med turmulighetene i nærområdet.

Det har vore gjennomført svømmekurs for alle flyktningar, kvinner, menn og barn, med tildelte midlar frå Fylkesmannen.

Det er trimgruppe for innvandrarvinner i samarbeid med Vestnes Varfjell idrettslag.

Målet er at innvandrarane skal fortsette med aktivitetane dei blir introdusert for etter dei har gjennomført kurs.





Foto: Torgeir Stensø

## 1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Volda kommune har utfordringar når det gjeld psykisk helse i alle aldrar. Ungdata-undersøkinga og etterspurnaden av tiltak til barn og familiar viser det. I barnehage og på helsestasjonen er det satsa på kompetanseheving gjennom «Voldaprojektet» og programmet «Tidleg Inn». Det er utarbeidd rutinar for tidleg oppdaging og innsats ved vanskar rundt psykisk helse, rus og vald. I helsestasjonen er det gjennom prosjektmidlar tilbod om heimebesøk av jordmor innan 48 timar etter utskriving. Andre tiltak:

- Program på alle klassesteg i skulen for å førebygge psykisk uhelse. – Det er tilsett psykolog og familierettleiar.
- Det er etablert ressursteam som kan nyttast når foreldre treng råd om vegen.
- Det er etablert samarbeid mellom skulehelsetenesta og fysioterapeut om førebyggjande tiltak.
- Helsestasjon og barnehage har utarbeidd kosthaldsplan for barnehagane
- Minoritetshelseteam

## 2 Helsevennlig arbeidsliv

Volda kommune har ei overvekt av offentlege arbeidsplassar innan sørvisnæringar, helse, barnehage, skule og høgare utdanning. Merksemd på folkehelse er gjennomgåande i kommuneplanen sin samfunnsdel.

I Volda kommune sin eigen organisasjon er det eit vedtekemål at tilsette skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråværet skal reduserast. Strategiar for kommunen:

- Faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar
- Tilby leiarutvikling
- Sikre nødvenig kompetanseheving og legge til rette for eit utviklande arbeidsliv.
- Tilby eit introduksjonsprogram for alle nytilsette
- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråversoppfølging
- Vidareutvikle prinsippet i IA-avtalen om eit ope og inkluderande arbeidsliv.

Dei grunnleggjande verdiane for Volda kommune er

- Raus
- Modig
- Kompetent lærande

## 3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Meistring og myndiggjering – kva er viktig for deg? Dette er ein del av bakteppet og tankegangen ein har knytt til aktiv, frisk og trygg alderdom i Volda:

- Eldretrimmen – trim for dei over 60
- Frivilligkoordinatoane jobbar inn i mot einsame eldre der eit av satsningsområda er Aktivitetsvenn, besøkshund mm
- Kvardagsrehabilitering – bu lengst muleg, best muleg i eigen heim-kvardagsmeistring.
- Dagsentertilbod for eldre – fokus på fysisk aktivitet, ernæring og ein trygg kvardag.
- Dementsteam
- Fallførebyggjande tiltak
- Førebyggjande heimebesøk utført av ergoterapeutane og heimetenesta til dei som fyller 80 år.
- Tilrettelegging av turvegar og stiar som er lett tilgjengelege.
- Motivviewsyklar-investert i 5 motivviewsyklar som er i rullerande turnus på omsorgsbustadar og mellom avd. på omsorgssenter.

## 4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Volda kommune er med i prosjektet «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse», eit treårig prosjekt i regi av Helsedirektoratet. Høgskulen i Volda har vore ein tett samarbeidspartnar i dette prosjektet.

Hausten 2017 arrangerte Volda kommune konferansen «Barn og medverknad» saman med høgskulen. I etterkant av konferansen gjennomførte studentar feltarbeid ved skular og barnehagar i Volda. I feltarbeidet skulle studentane registrere fysisk innhald og utforming av uteområda tilknytt barnehagane og skulane. Feltarbeidet inkluderte også medverknad med barnehage- og skulebarn. Studentane nytta ulike medverknadsmetodar; nokre intervjuar barna, andre bad barna ta dei med på ei omvising i uteområdet, og nokre nytta teikning som metode.

Kunnskap frå desse medverknadsprosjekta vert nytta i arbeidet med å utforme rettleiaren «Retningslinjer for leike- og aktivitetsområde i Volda kommune».



## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Volda sitt kulturliv kviler i hovudsak på det store og mangfaldige organisasjonslivet, som legg til rette for at heile befolkninga i kommunen har høve til ei aktiv fritid. Det kommunale kulturarbeidet ar arbeidd mot utanforskap som eit viktig satsingsområde; dette kjem til uttrykk m.a. gjennom

- Eit aktivt og inkluderande bibliotek
- Frivilligsentral
- Kulturskulen

Voldasamsfunnet har elles rikeleg høve til å delta i det meste innan fysisk aktivitet og friluftsliv. Volda kan syne til stor breidde innan idrett og musikklivet. Festivalane i Volda er gode møtestader, og er inkluderande for innvandrarar som trass i manglande norskkunnskapar her kan bidra. Volda sitt studentmiljø er ein viktig faktor i kultur mangfaldet og festivalane, og bidreg til eit rikare kulturliv. Gjennom gleda ved aktiviteten og dyrking av interessefelleskap, står det frivillige organisasjonslivet for ein svært viktig del av det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i kommunen.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet har i Volda kommune vore drive planmessig og sektorovergripande i mange år. Folkehelsekoordinator har vore ei heilt sentral og drivande kraft i koordineringsarbeidet i kommunen. Grunna sjukdom har stillinga stått ubesatt i storparten av 2017. Hausten 2017 blei oppretta eit tidsavgrensa folkehelseprosjekt – «Saman for barn og unge i Volda». I utgreiing av det vidare folkehelsearbeidet er det gjort vedtak om ei felles 100 % stilling som «Folkehelse- og frisklivsrettleiar» i Volda. Det blei tilsett folk i stillinga ved siste årsskiftet. Stillinga skal ligge til helse og omsorg, men inngå i ei av fleire samhandlingsgrupper under rådmannen. System for planmessig kunnskapsbasert folkehelsearbeid er ikkje utvikla vidare her i Volda enn i landet, men gjennom medlemskap i «Sunne kommuner – WHO's norske nettverk» får vi likevel førstehands informasjon, kjem med på det som skjer nasjonalt og og opplever at det gjennom dette blir stilt kvalitetskrav til arbeidet i Volda.

## 7 Fokus på folkehelse i kommuneplanen in samfunnsdel

Folkehelse, førebyggjande og helsefremjande tiltak blei stadfesta som eit overordna og førande prinsipp i den nye «Kommuneplanen for Volda – Samfunnsdelen 2016 – 2028» – vedteken av Volda Kommunestyre 26.05.2016. Dette er ei vidareføring og forsterking av felles planføresetnadar – mål og retningslinjer i Kommuneplanen frå 1997. Vedtaket forpliktar og gir eit klart retningsval og rettesnor for Folkehelsearbeidet i Volda i åra framover. Forutan dei overordna og førande prinsipp er ei rekkje mål og strategiar konkretiserte i planen. Vi har ei årrekke hatt positive erfaringar med god forankring av folkehelsearbeidet og verdigrunnlaget under dette i kommuneplanane i Volda. [www.volda.kommune.no/plan/samfunnsdel/](http://www.volda.kommune.no/plan/samfunnsdel/)

Volda – Rast ved selet.  
Foto: Berit Koen

**Innbyggartal:** 2.300

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Gunnhild Todal

**E-post:** gunnhild.todal@orskog.kommune.no

**Telefon:** 977 12 943



Fantastiske turmål i Ørskog. Foto: Hilde Sørdal

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

Kommunen har nok barnehageplassar og eit godt fungerande PPT som har et tett samarbeid med barnehagane og visa versa. Viktig med tidleg innsats overfor dei barna som har utfordringar.

Ørskog kommune er deltakar i prosjektet «Systematisk identifisering og oppfølging av utsette barn som lever i familiar med rus og/eller psykiske helseutfordringar». Målet er god kunnskap til alle som arbeider med barn og unge slik at vi kan kome tidleg inn med hjelp til dei aktuelle familiane.

Ørskog kommune innførte frå august 2017 MOT-programmet i ungdomsskulen. Fire MOT-coachar er utdanna. MOT skal gi ungdom: Mot til å leve, Mot til å bry seg og Mot til å seie nei. MOT har effekt i høve ungdommane sin sjølvtilitt, optimisme og mot. Programmet skal vere forebyggjande mot mobbing, mistrivsel, gruppepress, einsemd og rusmisbruk. Oppsummert kan ein seie at MOT beskyttar mot dei mest negative utslaga i ungdomstida.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

Leiarar og tilsette i Ørskog kommune er våre viktigaste ressursar som skal vidareutviklast og takast vare på. Dette inneber at helse-, miljø og tryggleiksarbeidet (HMT) vert styrt og fylgt opp målretta og systematisk. Det systematiske HMT-arbeidet er med på å sikre eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø med moglegheiter for fagleg og personleg utvikling basert på den enkelte sine føresetnader, behov og livssituasjon.

Vår verksemd har nulltoleranse mot mobbing og trakassering. Vi forventar at alle melder frå om feil og manglar og varslar om kritikkverdige forhold og bidreg til at utilfredsstillande forhold blir forsvaret handtert.

Eit kontinuerleg HMT – arbeid bidreg til god tenesteyting og kan gje stor gevinst i form av auka produktivitet. Godt arbeidsmiljø er med på å sikre dei tilsette si helse, høg grad av trivsel og lågt sjukefråvær.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

«Aktiv på dagtid» har trening på Fysiotrimmen AS kvar onsdag tilpassa deltakarane sine eigne ressursar med eit sosialt perspektiv i tillegg.

Tverrfagleg team har besøkt eldre i deira eigen heim og gjennomført tilpassa trening. Målet med kvardagsrehabiliteringa er å kunne bu heime lengst mogeleg og meistre sin eigen kvardag.

Ørskog sjukeheim har endra måltidsrutiner i tråd med Helsedirektoratet sine føringar. Mandag til fredag har vi fleksibel frukost frå 7.30–10.00, lunsj kl. 12.00, middag kl. 16.00 og kveldsmat kl. 19.00. Resultat er vektauke hjå brukarane, meir ro i avdelinga OG meir ro rundt måltida. Huskatten Snickers er både til stor glede og litt frustrasjon for alle som bur og arbeider på heimen. Vi har 3 høner i eige hønsehus i sansehagen. Det er spennande å sjekke rugekassen om morgonen og artig med frittgåande høner i hagen.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Gang- og sykkelveg Giskemo-Amdam er under arbeid og venta ferdigstilt våren 2018. Dette er eit stort framskritt for at alle aldrar kan ferdast trygt langs denne vegen.

Måsøyra aktivitetspark er ferdigstilt. Området er universelt utforma og er godt egna for alle aldrar både til trening, leik og som uformell møteplass.

Arbeid med tettstadprosjekt og sentrumsplan for Ørskog er starta opp.

Fokus på ergonomi og tilbod om helsefremmande aktivitetar for eldre.

Ny brannstasjon er bygd med treningsrom for brannmannskapet.

Vi har god tilgang til friområder, eit godt kulturtilbud og ulike aktivitetar i kommunen.

«Stikk UT!» – satsinga har slått godt an, også blant dei eldre, i kommunen med mange positive tilbakemeldingar. God skilting og merking av turmålaukar tryggleiken for mange.





*Tur til Valldal klatrepark, eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Røde Kors og flyktningetenesta. Midlar er gitt av Barne- og familiedepartementet. Foto: Veronica Stene.*

## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Ørskog Frivilligsentral har hatt innlegg til «Foreldre i Norge» for alle flyktningane i Ørskog. Generell informasjon om frivillige organisasjonar og spesielt om kva som krevs av foreldre til barn som deltek i frivillige organisasjonar.

Flyktningetenesta har stor fokus på deltaking i samfunnet for å fremme integrering. Spesielt opptekne av å få barna med på aktivitetar, bursdagar o.l.

Ørskog pensjonistforening arrangerer turar med kulturinnhald og møte med underhaldning kvar mnd.

Ørskog seniordans er ei aktiv gruppe som ynskjer alle velkomne.

Gjennomføring av tiltaket FERIEGØY Sjå pkt. 7.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Styringsgruppa for folkehelse har utarbeidd «Oversikt over helsetilstand og faktorar som påverkar folkehelsa i Ørskog». Rapporten skal vere eit godt grunnlag for å få helse inn i det vidare planarbeidet i Ørskog.

Styringsgruppa har vore breitt samansett frå alle einingar og dette fører til større fokus og informasjon om helseforebyggjande arbeid i einingane.

Tverrfaglig samarbeid mellom etatane og deling av kunnskap.

## 7 Feriegøy

Ørskog Frivilligsentral og Barnas Røde Kors fekk midlar for utjamning av sosiale forskjellar/ fattigdomsmidlar frå Barne- og familiedepartementet i 2017. Midlane gjekk til aktivitetar for barn og unge i helger og skuleferiar. 5 utflukter/ aktivitetar er gjennomførte: Helgetur med overnatting i telt til Liasetra, heildagstur til Moldebadet, Valldal klatrepark og Yste Skotet. Prosjektet vart avslutta med julekino på Ørskog samfunnshus for alle familiar i den aktuelle aldersgruppa. FERIEGØY har vore ein stor suksess med mykje god aktivitet, glade barn og foreldre. Alt har vore gratis for alle som deltok – både barn og vaksne. Svært god oppslutning om alle tiltaka.

**Folkehelsekoordinator i 60 % stilling:**

Ingvild Endal

**E-post:**

ingvild.endal@orsta.kommune.no

**Telefon:** 91 76 53 89



Foto: Janne Gerd Dagfinnrud

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

Lokal rammeplan for Ørstabarnehagen vedteken.

**Ørstaskulen**

- jobba med trygt og inkluderande læringsmiljø
- valde å gå samla inn i innsatsteam mot mobbing
- framhald LOS 100 % stilling
- framhald av entreprenørskapsløypa som opplæringsstrategi i grunnskulen.
- 100 % overgang frå 10. trinnet til VGS.
- opna kommunalt ferie SFO tilbod.

Styrka skulehelsetenesta knytt til vidaregåande skule.

Ressursteam for born og unge 0–18 år vart innarbeidd. Føremål: å bidra til at born som av ulike grunnar treng ekstra stimulering og omsorg, får god og tidleg hjelp.

Frisklivssentralen for barn og unge etablert samarbeid med skulane.

Arrangert Draumesomar i to veker, som er eit gratistilbod for barn som ikkje skal på ferie.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

Ørsta kommune har hatt fokus på: Oppstart opplæring om heiltidskultur.

10-FAKTOR opplæring av leiarar og verneombod. 10-FAKTOR er ei forskingsbasert medarbeidar undersøking og eit verktøy for utvikling og forbedring av eininga.

Gneistgrupper (einingsleiar, plassverneombod og plassstillitsvalt) er ein arena for leiing, utvikling og medverknad. Nokre saker som har vorte drøfta er: medarbeidar undersøkinga 10-FAKTOR, HMT-plan, miljøretta helsevern, rullering av arbeidsgjevarstrategien, kompetanseutvikling, heiltidskultur.

Arbeidsmiljøprisen til kommunen fekk NAV Ørsta-Volda.

Tenesta for psykisk helse og rus fekk tildelt Møre og Romsdal sin arbeidsmiljøpris.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

Aktivitetssenteret er ein lavterskel sosial møtestad for alle aldersgrupper, men mest senioiarar avlegg besøk.

Vegvesenet arrangerte oppfriskingskurs Bilførarar 65+.

Småjobbsentralen er eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod ved tenesta for psykisk helse og rustenesta. Auka ressursar gav rom for vidareutvikling av aktivitetstilboda der eit døme er deltaking i lokal andelsgard.

Gjennom den kulturelle spaserstokk vart kulturformidling for eldre i institusjonar eller ved eigne arrangement gjennomført.

Demensplan utarbeida.

Tilsett 100 % fysioterapeut ved korttidsavdelinga.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

Kommunen med i KS sitt nettverk for universell utforming.

Ferdigstilling av universelt utforma badeplass på Vatnevatnet og toalett på Vekselet.

Trafikktryggingssplanen vedteken.

Trafikktryggingstiltak gjennomført knytt til barneskule og bustadområde som fremjar fysisk aktivitet.

Reguleringsplan for Ørsta sentrum under utarbeiding med fokus på eit helsefremmande sentrum.

Rådet for funksjonshemma arrangerte konferanse om universell utforming med fokus på uteområde for alle.

Det er utført tilsyn og systemrevisjon etter «Forskrift om miljørettet helsevern m.v.» ved Vikemarka og Sæbø skule.

Arbeidet med bygging av fleirbrukshallen starta.

Arbeidet med planlegging av ein ny sentrumsskule i Ørsta er starta.



## 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Kommunen samarbeidar med frivillige organisasjonar.

Døme på det er:

- Merking og skilting av friluftsruter.
- Masterplan

Produktutvikling Reiseliv.

- Kommunedelplan for kulturminne og miljø.
- Turvegtilskot.
- Kulturtilskot.

Samarbeid mellom Ørsta ungdomskule og fylkeskommunen om pleie av statleg sikra friluftsområde på Raudøya.

## 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Oppstart kommunedelplan for levekår.

Oppretta tverrfagleg leiarnett for barn og unge, der fokus er strategisk drøfting, samfunnsutvikling og systemperspektiv for å finne løysing.

Kommunen inngjekk samarbeid med organisasjonen AV-OG-TIL. Hovudmålet er å redusere ei negative konsekvensane av alkoholbruk der det kan vere farleg eller gå ut over andre.

## 7 Medverknad

Kommunen er med i fylkeskommunen sitt prosjekt «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse». Nøkkelorda er barn og unge, medverknad og metodeutprøving.

Godt samarbeid med Ungdomsrådet der pilotprosjektet «Draumbilete» vart gjennomført på 9. trinnet. Dette vert innspel til kommunedelplan for levekår.

Medverknad frå Ungdomsrådet, elevrådet, FAU-a, tilsette i planleggingsprosessen rundt ny sentrumsule.

Signal om utvida samarbeid med vidaregåande skule om kulturhuset om omliggande område. Denne sambruken vil gje meirverdi og synergieffekt.

*Småjobbsentralen deltek i lokal andelsgard.  
Foto: Svein Aam*



**Innbyggartal:** 47.510

**Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:**

Ingvill K. Aa. Holmen / Kristoffer Ross

**E-post:**

folkehelsekoordinator@alesund.kommune.no

**Telefon:** 70 16 28 25 / 454 18 869



Naturmøteplassen Foto: Sunnmøre friluftsråd

**1 Samfunns-  
utvikling for ein  
god start i livet**

**Flere helsesøstre**

Virksomhet barn og familier rapporterte at 100 % av 9. klassingene har fått opplæring i psykisk helse i 2017. Helsesøster i grunnskole har ikkje fått gjennomført lengde og vektmåling av elevar på 8.trinn. Det er i ferd med å verte tilsett fleire helsesøstre. Kommunen fekk statlig tilskot til 10 stillingar for helsesøstre og 2 stillingar for jordmor, samt 1 stilling til «Kurs i psykisk helse» i regi av Extrastiftelsen. Dette er foreløpig prosjektstillingar, og det er søkt om vidareføring av prosjektstillingane. Dette er eit godt grunnlag for å vidareutvikle gode tenester for å gje barna ein god start i livet.

**Leikande vennskap**

Eit stort satsingsområde blant alle barnehagane i kommunen har i to år vært «Leikende vennskap». Heile 39 av 45 barnehagar i kommunen og i alt 550 barnehagetilsette har delteke i prosjektet. Dette resulterte i vennskap, auka sosial kompetanse og forståing på tvers av alder, språk og kultur.

**2 Helsevennlig  
arbeidsliv**

**Vegleiar i  
videregående skule**

NAV Ålesund har tilsett to NAV-veglearar i vidaregåande skule. Prosjektet held fram foreløpig ut juni 2018. Dei to vegleiarane på Borgund vidaregåande skule har fått gode tilbakemeldingar frå skulen på at den jobben dei gjer er viktig for dei ungdomane som står i fare for å droppe ut av vidaregåande skule.

NAV Ålesund har også oppretta eit nært samarbeid med virksomhet Flyktning der det er igangsett gode tiltak omkring arbeidsretta tenester til flyktninger.

**3 Samfunn som  
fremmar aktiv,  
frisk og trygg  
alderdom**

**Aktivering og  
velferdstenester  
for eldre**

Virksomhet for aktivisering og velferdstenester rapporterer at dei har knappe ressursar innan områda førebyggjande og helsefremmande tiltak og aktivitetar generelt. Tenesta leverte ikkje «førebyggjande heimebesøk 75 år» til rett årskull fordi etterspurnaden og behovet for tenester frå samarbeidspartar, heimebuande eldre og pårørende er stort. Verksemda opplever at dei økonomiske ressursane ikkje står i høve til behovet for førebyggjande tenester.

**4 Trygt og  
helsefremmande  
fysisk miljø**

**Stikk UT!**

Stikk UT! turane i Ålesund 2017 var svært populære. God tilrettelegging av turar i samarbeid mellom kommunen, frivillige og Sunnmøre friluftsråd resulterte i ny rekord i talet på besøkjande på dei ulike turmåla. Ålesund har dei mest populære turmåla på Sunnmøre. Det vart gjort 51.307 registreringar av personar som besøkte Stikk UT! turmål i Ålesund i 2017.

**Naturmøteplassen**

Eit nytt tiltak som vart starta opp hausten 2017 er naturmøteplassen ved Dam 2 på Aksla i Ålesund kvar tysdag. Dette er staden for ein triveleg prat, gode historier, bålkaffi – og av og til litt å bite i. Innimellom er det aktivitetstilbod av ulike slag. Frivillige er vertskap og tek godt imot dei som kjem. Målet er å skape ein hyggeleg og uformell møtestad i friluft. Tilbodet er gratis.



*Samarbeid er viktig for å få til eit godt førebyggjande arbeid!*

*Foto: Ingvill Holmen*

### 5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

#### Kulturskule

Kulturskulen melder om fortsatt stor differanse mellom tilbod og etterspørsel. Dette vert grunngjeve blant anna med manglande øvingslokale.

#### Fargespill

Fellesverket dragen (Røde kors) og Ålesund kommune samarbeidde om ein stor oppsetning av Fargespill i Praken kulturhus i september. 60 ungdomar med mange ulike nasjonalitetar samarbeidde om denne flotte framsyninga.

### 6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

#### Ny folkehelsekoordinator

I 2017 har det vore vikarordnig og utskifting av folkehelsekoordinator i Ålesund kommune. Dette har resultert i at arbeidet med organisering og samhandling, samt fokus på eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid har stoppa litt opp.

Den nye folkehelsekoordinatoren starta i november 2017, og arbeider for å gjenopprette god organisering og samhandling om folkehelsearbeidet i kommunen. Det må byggjast opp igjen både system og relasjonar. Dette er eit arbeid som det tek mykje tid å få på plass att.

### 7 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg ungdomstid

#### Ung data

Våren 2017 vart det gjennomført ung data undersøkjing i Ålesund kommune. Dette resulterte i at det vart sett ekstra stort fokus på ungdom sin situasjon dette året. Resultat frå undersøkjinga vart presentert for rektorar ressursbasen, helsesøstre, og FAU.

Det vart også arrangert eit ung data seminar i bystyresalen i Ålesund, der ungdata undersøkjinga vart presentert i samarbeid med ungdomane sjølve. Medie og kommunikasjonslinja ved Ålesund vidaregåande skule laga flotte plakater og filmar, der dei hadde teke utgangspunkt i resultat frå ung data undersøkjinga.

Ein anna svært positiv effekt i forbindelse med ungdata undersøkjinga var at det vart etablert ei tverrfaglig ressursgruppe. Denne vart samansett av representantar frå ulike verksemdar i kommunen; politiet, vidaregåande skule, frivilligsentralen, SLT-koordinator, helsesøster, kultur og idrett folkehelsekoordinator, rus og psykisk helse.









## Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde  
Telefon 71 28 00 00  
[post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
[mrfylke.no](http://mrfylke.no)